

Guro og fiolinen

Guro har fått fiolin av Tullemor og bestefar Andersen. Det er ein som heiter Allan, som skal lære Guro å spele. Etter at Guro har teke nokre timar, tek Tullemor henne med på ein ordentleg konsert.

Alle dei som spelte i orkesteret, sat på podiet alt. Det var eit lite golv som var høgare enn der Guro og dei andre sat. Det var nok fordi det skulle vere lettare å sjå dei, og det var akkurat det Guro var oppteken med no. Ho såg først på dei som hadde fiolinar. Det var mange, og så såg ho på dei som hadde litt større fiolinar, og det var bratsjar, og så var det dei som var så store at dei stod på golvet. Det var celloar, og dei aller største, det var kontrabassar. Så var det alle blåseinstrumenta, det var klarinettar og oboar og fagottar og fløyter og horn, og så var det trommer og paukar. Eit stort instrument stod på golvet med strenger rett oppover og med gull rundt heile seg. «Det er ei harpe», kviskra Tullemor.